



Retningslinjer for oppbygging av sjølvvald bachelorgrad ved Høgskulen på Vestlandet

Fastsett av KA-studieadministrasjon ved Høgskulen på Vestlandet 31.03.2017.
Retningslinjene er regulert av forskrift om studier og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet. Med verknad frå 01.01.2017.

1. Virkeområde

Retningslinjene gjeld oppbygging av sjølvvald bachelorgrad ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).

2. Definisjonar

Studieprogram er ei samling emne på 30 studiepoeng eller meir med eit samla læringsutbytte som er fastsett i studieplan, som søkjarar kan få opptak og studierett til, og som fører fram til ei avslutta utdanning, grad eller yrkesutdanning.

Emne er den minste eininga som gir utteljing i form av studiepoeng, og som kan gå inn i eit studieprogram eller tilbydast med eige opptak. Eit emne har eit læringsutbytte som er fastsett i ein emneplan. Emne skal som hovudregel ikkje ha mindre omfang enn fem studiepoeng.

Fag er i denne samanheng ei samling av nærtslekta emne/emnegrupper innafor same fagområde.

3. Samansetjing

HVL tildeler sjølvvald bachelorgrad på grunnlag av 180 studiepoeng som inneheld:

- Fordjupingseining på minimum 80 studiepoeng
- Breiddeining på minimum 30 studiepoeng.
- Kvar eining må vere fastsett som emne, fag, eller studieprogram.
- Dei resterande studiepoenga kan takast som frittstående emne. Frittstående emne som skal inngå i graden må ha eit omfang på minimum 5 studiepoeng.
- Fordjupinga må innehalde eit sjølvstendig arbeid på minimum 15 studiepoeng i form av ei bacheloroppgåve, anna teoretisk arbeid, praktisk eller kunstnarleg arbeid, individuelt eller i gruppe.

Minimum 60 studiepoeng av utdanninga må vere avlagt ved Høgskulen på Vestlandet, jf. forskrift om godskriving av høgere utdanning.

4. Søknad

Søknad må sendast på eige skjema. Søkjar må sjølv dokumentere utdanninga.